

Ut av EØS - Styrk Nei til EU!

Noreg er knytt opp til EU gjennom EØS-avtalen som er ein dynamisk avtale som stort sett kopierer EU-direktiv inn i norsk lov. Med eit EU som stendig endrar seg og som produserer nye direktiv og forordningar heile tida, så er det ikkje berre EØS-avtalen i seg sjølv som er avgjerande for korleis det norske samfunnet skal utvikle seg, men også den indre dynamikken og endringane i EU sjølv.

EØS-avtalen er i dag det største hinderet for sjølvstyrt og demokratisk utvikling av det norske samfunnet. Det er difor ei førsterangs politisk oppgåve å arbeide for at vi får sagt opp og kome oss ut av denne avtalen.

Nei til EU er ein viktig organisasjon i kampen for norsk sjølvstende og demokrati. Vi treng fleire nye medlemmer, både slike som vil aktivisere seg på ulike felt, men også dei som vil stø opp om organisasjonen med å betale medlemskontingent. Heilt avgjerande er det at vi greier å bygge alliansar med andre krefter i samfunnet, slik som fagrørsla og organisasjonane i landbruk og fiske.

Nei til EU må også vere vaken og legge merke til at vi har politiske parti og andre krefter som vil at Noreg snarast mogleg skal bli fullt medlem i EU. Såleis treng organisasjonen å innrette seg på å bli ei meir tydeleg politisk kampkraft, både mot EØS og EU-medlemskap.